



INSTITUTTRÅD VED GRIEGAKADEMIET – Institut for musikk

Sak nr.: 5/24
Sakstype: Vedtak


ePhorte saksnummer: 2024/1635
Møte: 2/24

Utskilling av praksis som egne emner på Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

Bakgrunn for saka

Den femårige programevalueringa for Femårig integrert mastergrad i musikkterapi, som låg til grunn for reakkrediteringa av programmet våren 2023, avdekkjer behov for revidering av studieprogrammet. På bakgrunn av dette er det sett i gang ein revisjonsprosess, leia av ei arbeidsgruppe bestående av programstyreleiar, programkoordinator og studiekonsulent. I denne prosessen har det òg vore gjennomført to heildagsseminar med lærarkollegiet på musikkterapi.


I evalueringsrapporten vert praksislyfta fram som ein av bærebjelkane i musikkterapistudiet, og viktigheita av praksis vert lyfta fram av både fagmiljø, eksterne fagfeller og studentar. Praksis i musikkterapi utgjer i dag fem ulike perioder, som er plassert som obligatoriske arbeidskrav i fire ulike emne, frå andre til femte trinn. I tillegg deltek fjerdeårsstudentane på tverrfagleg praksisgrupper gjennom TVEPS. Fyrste praksisperiode kjem i fjerde semester. Studentane ved musikkterapistudiet har ved fleire høve ynskja at praksis kjem tidlegare i studiet. Det er òg eit uttrykt ynskje om meir praksis.



Figur 1: Noverande praksismodell

Modellen med praksis innbakt i "moderemne" har vist seg lite hensiktsmessig då den er lite fleksibel, vanskeleg å handtere administrativt og kan bidra til forseinka progresjon.

Programstyret ynskjer å skilje praksisperiodane ut som eigne emne, og endre emnestrukturen, med innføring av seks obligatoriske praksisemne, samt gjere TVEPS obligatorisk. Fem av emna har innhald og form som dei eksisterande praksisperioden, og følgjer same progresjon som no. I tillegg ynskjer programstyret å byggje ut praksisbesøka som no plar gjerast i MUTP100, og opprette ein eigen observasjonspraksis plassert på fyrste studieår. Denne vil ikkje medføre utgifter til honorar, då den ikkje er rettleia på praksisplassen.



Figur 2 Forslag til ny praksismodell

For utdjupande skildring, sjå saksframlegg til MUTP 5/24, og vedlagte emneplanar.

Til saka

Følgjande emne er foreslått oppretta:

- MUTPRA 101 / Musikkterapeutisk praksis 1 (ikkje studiepoenggjevande)
- MUTPRA 102 / Musikkterapeutisk praksis 2 (ikkje studiepoenggjevande)
- MUTPRA 201 / Musikkterapeutisk praksis 3 (ikkje studiepoenggjevande)
- MUTPRA 301 / Musikkterapeutisk praksis 4 (ikkje studiepoenggjevande)
- MUTPRA 302 / Musikkterapeutisk praksis 5 (ikkje studiepoenggjevande)
- MUTPRA 303 / Musikkterapeutisk praksis fordjuping (ikkje studiepoenggjevande)

Følgjande emne er foreslått revidert:

- MUTP205 / Innføring i musikkterapeutisk praksis
- MTUP202 / Samfunnsmusikkterapi
- MTUP305 / Musikkterapi i helsesektoren I
- MTUP306 / Musikkterapi i helsesektoren II

Forslag til nye og reviderte emneplanar er vedlagte.

Forslag til vedtak:

Instituttrådet ved Griegakademiet- Institutt for musikk godkjenner forslag om oppretting av seks praksisemne, som vert ein obligatorisk del av studieplanen for MAHF-INMUT, samt innføring av TVEPS som obligatorisk emne.

Instituttrådet ved Griegakademiet- Institutt for musikk godkjenner forslag til revidering av emneplanane for emna MUTP205, MUTP202, MUTP305 og MUTP306.

Endringane trer i kraft frå og med hausten 2024.

Vedlegg:

1. Forslag til reviderte emneplanar for MUTP205 / Innføring i musikkterapeutisk praksis, MTUP202 / Samfunnsmusikkterap, MTUP305 / Musikkterapi i helsesektoren I og MTUP306 / Musikkterapi i helsesektoren II
2. Nye emneplanar for praksisemna
3. Emneplan for TVEPS: [Tverrprofesjonell læring | Universitetet i Bergen \(uib.no\)](https://uib.no)
4. Saksframlegg til MUTP 5/24, INMUT programstyre 16.02.24

Randi Rolvsjord
Instituttleder

Hild C. Vang
Sakshandsamar

Vedlegg til sak 5/24 Utskilling av praksis som egne emner på Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

IRGA 7/3-24

Innhald:

Samla oversikt endringar

- MUTP205_____ s. 3
- MUTP202_____ s. 4
- MUTP305_____ s. 5
- MUTP306_____ s. 6

Forslag til ny emneplan

- MUTP205_____ s. 8
- MUTP202_____ s. 11
- MUTP305_____ s. 14
- MUTP306_____ s. 17

Revisjon av emneplan m/ spora endringar

- MUTP205_____ s. 21
- MUTP202_____ s. 25
- MUTP305_____ s. 29
- MUTP306_____ s. 33

Samla oversikt over endringar

Endringar MUTP205:

Mål og innhald

- Praksis er fjerna som komponent
- Innleiinga endra frå fem til fire komponentar

Arbeids- og undervisingsformer:

- Overskrift endra i tråd med UiB-norm
- Forenkla språkleg framstilling
- Lagt til rollespel som undervisingsform

Obligatorisk undervisingsaktivitet:

- Fjerna praksis
- Fjerna loggskrivning (utgjer ein del av undervisinga)
- Forenkla språkleg framstilling
- Tydeleggjering av oppmøtekrav

Vurderingsformer:

- Fjerna direktekopling til praksis
- Forenkla språkleg framstilling
- Punkt om sensur fjerna, då informasjon om sensur er definert i forskrift og lovverk, ikkje i emneplan

Administrativt ansvarleg

- Endra frå institutt til fakultet

Institutt

- Lagt til punkt for institutt

Endringar MUTP202:

Mål og innhald:

- Praksis er fjerna som komponent
- Innleiinga endra frå fire til tre komponentar
- Forkortinga "RelKom" lagt til og brukt for avsnittet om Relasjons- og kommunikasjonserfaringsgruppe.

Krav til forkunnskapar:

- Retta frå MUTP101 til MUTP100

Arbeids- og undervisingsformer:

- Overskrift endra i tråd med UiB-norm
- Forenkla språkleg framstilling

Obligatorisk undervisingsaktivitet:

- Fjerna praksis
- Forenkla språkleg framstilling
- Tydeleggjering av oppmøtekrav

Vurderingsformer:

- Fjerna direktekopling til praksis
- Forenkla språkleg framstilling
- Punkt om sensur fjerna, då informasjon om sensur er definert i forskrift og lovverk, ikkje i emneplan

Karakterskala:

- Endra frå Greidd/Ikkje greidd til Bestått / Ikkje bestått – i tråd med UiB-norm

Emneevaluering

- Endra for å til standardformulering, for å følgje same norm for studieprogrammet

Administrativt ansvarleg

- Endra frå institutt til fakultet

Institutt

- Lagt til punkt for institutt

Endringar MUTP305:

Mål og innhald

- Praksis er fjerna som komponent
- Innleiinga endra frå fire til tre komponentar
- Forkortinga "RelKom" lagt til og brukt for avsnittet om Relasjons- og kommunikasjonserfaringsgruppe.

Arbeids- og undervisingsformer:

- Overskrift endra i tråd med UiB-norm
- Forenkla språkleg framstilling

Obligatorisk undervisingsaktivitet:

- Fjerna praksis
- Forenkla språkleg framstilling
- Tydeleggjering av oppmøtekrav

Vurderingsformer:

- Fjerna direktekopling til praksis
- Forenkla språkleg framstilling
- Punkt om sensur fjerna, då informasjon om sensur er definert i forskrift og lovverk, ikkje i emneplan

Karakterskala:

- Endra frå Greidd/Ikkje greidd til Bestått / Ikkje bestått – i tråd med UiB-norm

Administrativt ansvarleg

- Endra frå institutt til fakultet

Institutt

- Lagt til punkt for institutt

Endringar MUTP306:

Mål og innhald

- Praksis er fjerna som komponent
- BMGIM-kurs er fjerna som komponent
- Innleiinga endra frå fire til tre komponentar

Krav til forkunnskapar

- Forenkla språk

Arbeids- og undervisingsformer:

- Overskrift endra i tråd med UiB-norm
- Forenkla språkleg framstilling

Obligatorisk undervisingsaktivitet:

- Fjerna praksis
- Fjerna BMGIM-kurs
- Forenkla språkleg framstilling
- Presisering av dei tre skriftlege tekstane – flytta frå "Vurderingsformer"
- Tydeleggjering av oppmøtekrav

Vurderingsformer:

- Fjerna direktekopling til praksis
- Forenkla språkleg framstilling
- Flytta skildring av tekstane til "Obligatorisk undervisingsaktivitet"
- Punkt om sensur fjerna, då informasjon om sensur er definert i forskrift og lowverk, ikkje i emneplan

Karakterskala:

- Endra frå Greidd/Ikkje greidd til Bestått / Ikkje bestått – i tråd med UiB-norm

Administrativt ansvarleg

- Endra frå institutt til fakultet

Institutt

- Lagt til punkt for institutt

Nye emneplanar – forslag

MUTP205

Namn på emnet, nynorsk/bokmål

MUTP205 / Innføring i musikkterapeutisk praksis

Namn på emnet, engelsk

MUTP205 / Introduction to music therapy practice

Studiepoeng, omfang

15 stp.

Studienivå (studiesyklus)

Bachelor

Fulltid/deltid

Fulltid

Undervisningsspråk

Norsk

Undervisningssemester

Vår

Undervisningsstad

Griegakademiet – Institutt for musikk

Mål og innhald

Emnet har som mål å gje ei innføring i musikkterapeutisk praksis og aktuelle arbeidsfelt. Emnet skal gje forståing av musikkterapeutens arbeid i eit tverrfaglig team og i forskjellige kontekstar i samfunnet og helsevesenet.

Emnet omfattar fire hovudkomponentar:

Musikkterapeutisk praksis

Innføring i arbeidsformer og musikkterapiprosessar i ulike arbeidsfelt, med vekt på relasjonen mellom terapeut og brukar/pasient og på musikkterapi som sosial situert praksis.

Refleksivitet

Introduksjon til profesjonalitet og yrkesetikk (teieplikt, konfidensialitet, rettleiing, og loggskriving).

Kommunikasjon og samarbeid

Introduksjon til tverrfagleg samarbeid og tverretatleg samhandling.

Relasjons- og kommunikasjonserfaringsgruppe (RelKom)

Målet med RelKom er å gje studentane grunnleggjande kommunikativ kompetanse for arbeid med menneske, å utvikle studentane si evne til å registrere og beskrive sosialt samspel og å utvikle ei gryande forståing av kva som ligg i terapeutisk identitet og rolle. RelKom omfattar m.a. kontakt- og samarbeidsøvingar og grunntrening i å vere nærverande, å merke egne og andre sine grenser

Læringsutbytte

Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbytte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

Kunnskap

- Studenten viser grunnleggjande forståing av forskjellige praksisområde i musikkterapi.
- Studenten viser elementær forståing av musikkterapi i ein tverrfagleg og systemisk kontekst
- elementær forståing av yrkesrolle og profesjonalitet

Dugleikar

- Studenten viser evne til å observere og rapportere om musikkterapeutisk praksis.
- Studenten demonstrerer ei grunnleggjande profesjonell haldning.

Generell kompetanse

- Studenten har forståing av musikkterapeutisk praksis og rolle i forskjellige praksissamanhengar.
- Studenten har evne til å reflektere over eiga forståing og eigen læringsprosess og over framtidige roller som profesjonsutøvar.

Krav til forkunnskapar

Gjennomført og bestått MUTP100, MUTP103, MUTP104, MUTP105

Studiepoengreduksjon

Ingen

Krav til studierett

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

Arbeids- og undervisningsformer

Arbeidet i emnet er sett saman av varierte undervisningsaktivitetar, og føreset aktiv studentmedverknad. Konkrete aktivitetar inkluderer verkstad/workshop, studentpresentasjonar, forelesing, skriveseminar, rollespel m.m.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Deltaking i undervising, inkludert forelesing, workshop, seminar, rollespel, studentpresentasjonar m.m.

- Tre skriftlige tekstar, kvar på ca 1000 ord
 - Tekst 1: Observasjonsoppgave
 - Tekst 2: Refleksjonsoppgave
 - Tekst 3: Analyseoppgåve
- Praktisk-metodisk arbeidsbok
- Deltaking i Relasjons- og kommunikasjonserfaringsgruppe

Alle obligatoriske aktivitetar skal vere gjennomførte og godkjente før eksamen. Manglande godkjenning av ein eller fleire aktivitetar fører normalt til tap av eksamensrett. For undervisinga gjeld eit minimum på 80% oppmøte samla sett, for å få aktiviteten godkjent. For Relasjons- og kommunikasjonsgruppe gjeld 100% oppmøte.

Vurderingsformer

Ei individuell skriftleg oppgåve basert på dei tre skriftlege arbeida gjennom semesteret.
Omfang: 3000-4000 ord

Karakterskala

Bokstavakarakter A-F

Vurderingssemester

Vår

Litteraturliste

Pensum: ca. 700 sider.

Emneevaluering

Evaluering blir gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem.

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet.

Administrativt ansvarleg

Fakultet for kunst, musikk og design

Institutt

Griegakademiet – institutt for musikk

Kontaktinformasjon

studieveileder@kmd.uib.no

Tlf 55 58 69 50

MUTP202

Namn på emnet, nynorsk/bokmål

MUTP202 / Samfunnsmusikkterapi

Namn på emnet, engelsk

MUTP202 / Community Music Therapy

Studiepoeng, omfang

15

Studienivå (studiesyklus)

Bachelor

Fulltid/deltid

Fulltid

Undervisningsspråk

Norsk

Undervisningssemester

Vår

Undervisningsstad

Griegakademiet – Institutt for musikk

Mål og innhald

Emnet gjev ein introduksjon til musikkterapi i eit økologisk og samfunnsorientert perspektiv og inneheld tre hovudkomponentar:

Samfunnsmusikkterapeutisk teori og forskning

Kurset gjev eit oversyn over dei kontekstorienterte og økologiske perspektiv som pregar samfunnsmusikkterapien og over sentral forskning på feltet. Teoretisk omfattar dette tema som person i kontekst, deltaking, framføring, sosiale nettverk og sosial kapital, musikk- og helseomgrep i sosiokulturelt perspektiv og førebyggjande og helsefremmande arbeid gjennom musikk. Definisjonar av samfunnsmusikkterapi, ulike teoretiske perspektiv og døme på prosjekt frå ulike sosiale og kulturelle kontekstar blir også gjennomgått. Andre sentrale tema er makt, brukarmedverknad, sjølvforvaltning, empowerment, sjølvhjelp og inkludering/marginalisering, forstått i lys av dokument som menneskerettane og barnekonvensjonen.

Praktiske arbeidsmåtar

Kurset gjev ein introduksjon til sentrale arbeidsmåtar som har vist seg relevante i samfunnsmusikkterapien. Dette omfattar alt frå opne miljøtiltak til ulike integreringsprosjekt i eit lokalmiljø. Følgjande aktivitetsformer vil særleg bli vektlagde: opne og improvisasjonsorienterte musikkgrupper, samspel i band, korarbeid, musikkspel og revy, musikkafé, framføring og konsertverksemd. Ved sidan av det konkrete musikkarbeidet, vil det også bli fokusert på indirekte og systemorientert arbeid, t.d. i høve til organisasjonar, lokalsamfunn, kultur, politikk og økonomi.

Relasjons- og kommunikasjonserfaringsgruppe (RelKom)

Målet med RelKom er å gje studentane grunnleggjande kommunikativ kompetanse for arbeid med menneske, å utvikle studentane si evne til å registrere og beskrive sosialt samspel og å utvikle ei betre forståing av kva som ligg i terapeutisk identitet og rolle. RelKom omfattar m.a. kontakt- og samarbeidsøvingar og grunntrening i å vere nærverande, å merke egne og andre sine grenser, og å vere sentrert i kontakt med andre menneske. Kurset byggjer vidare på RelKom i MUTP205.

Læringsutbyte

Ved avslutta emne har studenten følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

Kunnskapar

- Studenten har god kunnskap om samfunnsmusikkterapeutisk teori og praksis.

Dugleikar

- Studenten forstår musikken sin funksjon i samfunnet og har ei konstruktiv og etisk haldning til bruk av musikk som helsefremjande verkemiddel.

Generell kompetanse

- Studenten kjenner til korleis musikkarbeidet kan inngå i kulturelle og sosiale nettverk. Studenten er fortruleg med brukarmedverknad, sjølvforvaltning og inkludering.

Krav til forkunnskapar

Optak på det integrerte masterprogrammet og fullført MUTP100 / Innføring i musikkterapi

Studiepoengsreduksjon

Ingen

Krav til studierett

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

Arbeids- og undervisningsformer

Arbeidet i emnet er sett saman av varierte undervisningsaktivitetar, og føreset aktiv studentmedverknad. Konkrete aktivitetar inkluderer forelesing, gruppearbeid, verkstad/workshop m.m.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

- Deltaking i undervising, inkludert forelesing, verkstad, gruppearbeid, studentpresentasjonar m.m.
- Framsyning, lydinnspeling, film el.l. knytt til eit samfunnsmusikkterapeutisk prosjekt.
- Praktisk-metodisk arbeidsbok
- Deltaking i Relasjons- og kommunikasjonserfaringsgruppe

Alle obligatoriske aktivitetar skal vere gjennomførte og godkjente før eksamen. Manglande godkjenning av ein eller fleire aktivitetar fører normalt til tap av eksamensrett. For undervisinga gjeld eit minimum på 80% oppmøte samla sett, for å få aktiviteten godkjent. For Relasjons- og kommunikasjonsgruppe gjeld 100% oppmøte.

Vurderingsformer

Eit munnleg foredrag på 20-30 minutt.

Karakterskala

Bestått / Ikkje bestått

Vurderingssemester

Vår

Litteraturliste

Pensum er på ca. 750 s. I tillegg kjem metodisk materiale som studenten tileignar seg eit nærare bestemt utval i frå og samlar i ei arbeidsbok.

Emneevaluering

Evaluering blir gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem.

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.

Administrativt ansvarleg

Fakultet for kunst, musikk og design

Institutt

Griegakademiet – Institutt for musikk

Kontaktinformasjon

studieveileder@kmd.uib.no

Tlf 55 58 69 50

MUTP305

Namn på emnet, nynorsk

MUTP305 / Musikkterapi i helsesektoren I

Namn på emnet, engelsk

MUTP305 / Music therapy in the health sector – I

Studiepoeng, omfang

15 stp.

Studienivå (studiesyklus)

Master

Fulltid/deltid

Fulltid

Undervisningsspråk

Norsk

Undervisningssemester

Haust og vår. Undervisninga går over to semester.

Mål og innhald

Emnet gjev ei innføring i musikkterapi i psykisk helse- og rusarbeid og musikkterapi i medisinske kontekstar og inneheld tre hovudkomponentar:

Innføring i musikkterapi i psykisk helse- og rusarbeid

Kurset gjev ei innføring i musikkterapi som helsefremmande arbeid innanfor kommunesektoren og spesialisthelsetenesta i psykisk helse og rus, deriblant musikkterapi i DPS (Distriktpspsykiatrisk senter), BUP (Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk) og tverrfagleg spesialisert behandling av rusmiddelproblemer (TSB). Kurset omfattar sentral forskning og gjennomgår nasjonale retningslinjer på feltet. Teoretiske perspektiv frå ulike tradisjonar og tverrfaglege felt vil bli gjennomgått, mellom anna medisinske perspektiv på psykisk lidning og ein gjennomgang av diagnostiske termar. Kurset vil gje ei innføring i ulike musikkterapeutiske metodar som blir brukt i psykisk helse- og rusarbeid, og inkluderer både musikkterapi i individuelle settingar og arbeid med grupper. Kurset vil særleg leggje vekt på ressursorientert musikkterapi og recovery-tradisjonen. Arbeid med samtale inngår.

Musikkterapi i medisinske kontekstar

Kurset i Musikkterapi i medisinske kontekstar omfattar både teori, forskning og praktisk arbeid relatert til medisinske kontekstar, inklusivt sjukehusavdelingar, nevrorehabilitering og palliativ omsorg. Perspektiv frå ulike tradisjonar og tverrfaglege felt vil bli gjennomgått. Ulike tilnærmingar og arbeidsmåtar blir presenterte og det blir gitt eksempel på forskjellige typar arbeid og over sentral forskning på feltet.

Relasjons- og kommunikasjonserfaringsgruppe (RelKom)

Relasjons- og kommunikasjonserfaringsgruppa byggjer vidare på tilsvarande arbeid i MUTP202 og MUTP205. Det gjev studentane høve til å arbeide vidare med kommunikativ kompetanse i arbeid med menneske, i relasjon til ei grundigare forståing av kva som ligg i terapeutisk identitet og rolle. RelKom gjev rom for erfaring og arbeid med gruppeprosessar og med personlege prosessar knytt til erfaringar i undervisning og praksis ved studiet.

Læringsutbyte

Ved avslutta emne har studenten følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

Kunnskapar

- Studenten kjenner til teori, forskning og musikkterapeutiske arbeidsformer som blir brukt i medisinske kontekstar og i psykisk helse- og rusarbeid.
- Studenten har grunnleggjande kunnskap som er nødvendig for utøving av musikkterapi innan desse kontekstane.

Dugleikar

- Studenten har godt utvikla dugleikar for musikkterapeutisk praksis innan kommunesektoren og spesialisthelsetenesta i psykisk helse og rus og innan medisinske kontekstar.

Generell kompetanse

- Studenten har erfaring med individuelle terapiprosessar så vel som gruppeprosessar, og kan reflektere over personlege prosessar knytt til terapi.
- Studenten har utvikla eit repertoar av musikkterapeutiske arbeidsformar som kan nyttast i dei aktuelle praksisfelt.

Krav til forkunnskapar

Opptak til 300-nivå i det integrerte masterprogrammet i musikkterapi.

Studiepoengreduksjon

Ingen

Krav til studierett

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

Arbeids- og undervisningsformer

Arbeidet i emnet er sett saman av varierte undervisningsaktivitetar, og føreset aktiv studentmedverknad. Konkrete aktivitetar inkluderer forelesing, gruppearbeid, verkstad/workshop m.m.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

- Deltaking i undervisning, inkludert inkluderer forelesing, gruppearbeid, verkstad/workshop m.m.
- Praktisk-metodisk arbeidsbok
- Deltaking i Relasjons- og kommunikasjonserfaringsgruppe

Alle obligatoriske aktivitetar skal vere gjennomførte og godkjente før eksamen. Manglande godkjenning av ein eller fleire aktivitetar fører normalt til tap av eksamensrett. For undervisninga gjeld eit minimum på 80% oppmøte samla sett, for å få aktiviteten godkjent. For Relasjons- og kommunikasjonsgruppe gjeld 100% oppmøte.

Vurderingsformer

Eit munnleg foredrag på om lag 30 min.

Karakterskala

Bestått / Ikkje bestått

Vurderingssemester

Vår

Litteraturliste

Pensum er på ca. 800 s. Eiga litteraturliste blir utarbeidd.

Emneevaluering

Evaluering blir gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet.

Administrativt ansvarleg

Fakultet for kunst, musikk og design

Institutt

Griegakademiet – institutt for musikk

Kontaktinformasjon

studieveileder@kmd.uib.no

Tlf: 55 58 69 50

MUTP306

Namn på emnet, nynorsk/bokmål

MUTP306 / Musikkterapi i helsesektoren II

Namn på emnet, engelsk

MUTP306 / Music therapy in the health sector – II

Studiepoeng, omfang

15 stp.

Studienivå (studiesyklus)

Master

Fulltid/deltid

Fulltid

Undervisningsspråk

Norsk

Undervisningssemester

Haust og vår. Undervisninga går over to semester.

Mål og innhald

Emnet gjev ei innføring i musikkterapi i eldreomsorg, og utdjupande arbeid med musikkterapi i psykisk helse- og rusarbeid. Emnet inneheld to hovudkomponentar:

Musikkterapi i eldreomsorg

Kurset gjev ei innføring i musikkterapi i eldreomsorg, med fokus både på heimebuande eldre med relativt avgrensa hjelpebehov og eldre på institusjon med omfattande hjelpebehov, og inkluderer praksisar i varierte kontekster. Emnet vil forankre musikkterapeutisk praksis til teoretiske perspektiv frå ulike tradisjonar og tverrfaglege felt, og gje ei introduksjon til sentral forskning på feltet. Relasjonelle tilnærmingar blir vektlagde, med vekt på personstatus og medborgarskap. Kurset har fokus både på individuelle tilbod, tilrettelagde gruppetilbod og ulike former for miljøtiltak, som t.d. korarbeid. Det blir lagt vekt på at studentane skal utvikle evne til å støtte og anerkjenne dei eldre sine eigne musikkinteresser. Kurset vil utforske musikkterapiens rolle i system og institusjon og vektlegge ulike former for samarbeid og kompetanseoverføring.

Fordjuping i musikkterapi i psykisk helse- og rusarbeid

Kurset gjev ei fordjuping i musikkterapi som helsefremmjande arbeid, førebygging, behandling, og oppfølging innanfor kommunesektoren og spesialisthelsetenesta i psykisk helse og rus, med særskild fokus på å utvikle breidde i praksiskontekstar og settingar. Kurset tar sikte på å gje ei fordjuping i ulike musikkterapeutiske arbeidsformer som blir brukt i psykisk helsearbeid og rusarbeid, og vil søkje å vidareutvikle studentane sin bruk av samtale og personleg refleksjon. Undervisninga i emnet vil fokusere på musikkterapi i akutt behandling, utfordringar relaterte til komorbiditet og ROP-kontekstar (Nasjonal kompetansetjeneste for samtidig rusmisbruk og psykisk lidelse), oppfølgingsarbeid, og tidleg intervensjon. Kurset vil også omfatte perspektiv på arbeid med traume.

Læringsutbytte

Ved avslutta emne har studenten følgjande læringsutbytte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

Kunnskapar

- Studenten kjenner til teori, forskning og musikkterapeutiske arbeidsformer i eldreomsorg, og psykisk helse- og rusarbeid.
- Studenten har djubdekunnskap som er nødvendig for utøving av musikkterapi innan eit breitt felt av kontekstar i psykisk helse- og rusarbeid, og god kunnskap i eldreomsorg.

Dugleikar

- Studenten har godt utvikla dugleikar for musikkterapeutisk praksis innan psykisk helse og rus, og i eldreomsorg.
- Studenten har evne til å utforme og skreddarsy musikkterapeutisk praksis til brukar og organisasjon, og har evne til å tilpasse tilbodet til behov i ulike arbeidsfasar (helsefremmande og førebyggjande arbeid, behandling, og oppfølgingsarbeid).

Generell kompetanse

- Studenten har utvikla eit repertoar av musikkterapeutiske arbeidsformar som kan nyttast fleksibelt i dei aktuelle praksisfelt.
- Studenten kan nytte sine kunnskapar og dugleikar på nye område for å gjennomføre avanserte arbeidsoppgåver og prosjekt.
- Studenten demonstrerer evne til tverrfagleg samarbeid, tverretatleg arbeid og kunnskapsoverføring.

Krav til forkunnskapar

Opptak til 300-nivå i det integrerte masterprogrammet i musikkterapi og bestått MUTP305.

Studiepoengreduksjon

Ingen

Krav til studierett

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning

Arbeidet i emnet er sett saman av varierte undervisningsaktivitetar, og føreset aktiv studentmedverknad. Konkrete aktivitetar inkluderer forelesing, gruppearbeid, verkstad/workshop m.m.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

- Deltaking i undervisning, inkludert inkluderer forelesing, gruppearbeid, verkstad/workshop m.m.
- Praktisk-metodisk arbeidsbok
- Tre skriftlege tekstar, kvar på ca. 1000 ord
 - Tekst 1: Observasjons- eller refleksjonsnotat
 - Tekst 2: Eigenkomponert musikkterapeutisk song/aktivitet med grunngjeving
 - Tekst 3: Utforskande, refleksiv tekst

Alle obligatoriske aktivitetar skal vere gjennomførte og godkjente før eksamen. Manglande godkjenning av ein eller fleire aktivitetar fører normalt til tap av eksamensrett. For undervisinga gjeld eit mininum på 80% oppmøte samla sett, for å få aktiviteten godkjent.

Vurderingsformer

Ei individuell skriftleg oppgåve basert på dei tre skriftlege arbeida gjennom året.
Omfang: 3000-4000 ord.

Karakterskala

Bestått / Ikkje bestått

Vurderingssemester

Vår

Litteraturliste

Pensum er på ca. 800 s. Eiga litteraturliste blir utarbeidd.

Emneevaluering

Evaluering blir gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem.

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet.

Administrativt ansvarleg

Fakultet for kunst, musikk og design

Institutt

Griegakademiet – institutt for musikk

Kontaktinformasjon

studieveileder@kmd.uib.no

Tlf; 55 58 69 50

Revisjon m/ spora endringar

MUTP205

Namn på emnet, nynorsk/bokmål

MUTP205 / Innføring i musikkterapeutisk praksis

Namn på emnet, engelsk

MUTP205 / Introduction to music therapy practice

Studiepoeng, omfang

15 stp.

Studienivå (studiesyklus)

Bachelor

Fulltid/deltid

Fulltid

Undervisningsspråk

Norsk

Undervisningssemester

Vår

Undervisningsstad

Griegakademiet – Institutt for musikk

Mål og innhald

Emnet har som mål å gje ei innføring i musikkterapeutisk praksis og aktuelle arbeidsfelt. Emnet skal gje forståing av musikkterapeutens arbeid i eit tverrfaglig team og i forskjellige kontekstar i samfunnet og helsevesenet.

Emnet omfattar ~~fem~~ fire hovudkomponentar:

Musikkterapeutisk praksis

Innføring i arbeidsformer og musikkterapiprosessar i ulike arbeidsfelt, med vekt på relasjonen mellom terapeut og brukar/pasient og på musikkterapi som sosial ~~og~~ situert praksis.

Refleksivitet

Introduksjon til profesjonalitet og yrkesetikk (teieplikt, konfidensialitet, rettleiing, og loggskriving).

Kommunikasjon og samarbeid

Introduksjon til tverrfagleg samarbeid og tverretatleg samhandling.

Relasjons- og kommunikasjonserfaringsgruppe (RelKom)

Målet med RelKom er å gje studentane grunnleggjande kommunikativ kompetanse for arbeid med menneske, å utvikle studentane si evne til å registrere og beskrive sosialt samspel og å utvikle ei gryande forståing av kva som ligg i terapeutisk identitet og rolle. RelKom omfattar m.a. kontakt- og samarbeidsøvingar og grunntrening i å vere nærverande, å merke egne og andre sine grenser

Punktpraksis

~~Viser til Arbeidshefte for praksis.~~

Læringsutbytte

Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbytte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

Kunnskap

- Studenten viser grunnleggjande forståing av forskjellige praksisområde i musikkterapi.
- Studenten viser elementær forståing av musikkterapi i ein tverrfagleg og systemisk kontekst
- elementær forståing av yrkesrolle og profesjonalitet

Dugleikar

- Studenten viser evne til å observere og rapportere om musikkterapeutisk praksis.
- Studenten demonstrerer ei grunnleggjande profesjonell haldning.

Generell kompetanse

- Studenten har forståing av musikkterapeutisk praksis og rolle i forskjellige praksissamanhengar.
- Studenten har evne til å reflektere over eiga forståing og eigen læringsprosess og over framtidige roller som profesjonsutøvar.

Krav til forkunnskapar

Gjennomført og bestått MUTP100, MUTP103, MUTP104, MUTP105

Studiepoengreduksjon

Ingen

Krav til studierett

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

~~Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning~~

~~Ca. 12 forelesningar – forelesingar – med variert undervisningsform, som til dømes case-presentasjonar; workshops (prosjekt); seminar i praksisskriving (rapportar, logg)~~

~~Arbeids- og undervisningsformer~~

~~Arbeidet i emnet er sett saman av varierte undervisningsaktivitetar, og føreset aktiv studentmedverknad. Konkrete aktivitetar inkluderer verkstad/workshop, studentpresentasjonar, forelesing, skriveseminar, rollespel m.m.~~

Obligatorisk undervisningsaktivitet

~~Obligatoriske arbeidskrav:~~

~~All undervisning er obligatorisk og omfattar fleire komponentar/kurs:~~

~~– Loggskrivning med fokus på læringsprosess~~

~~– 3 skriftlege tekstar, kvar på ca. 1000 ord.~~

~~– Målgruppe: ei observasjonsoppgåve~~

~~– Refleksivitet: ein refleksjon over yrkesutøving i praksis~~

~~– Kommunikasjon og samarbeid: ei beskriving av praksisplass med fokus på tverrfagleg verksemd.~~

~~– Ei praktisk metodisk arbeidsbok med 10 aktivitetar skal utarbeidast~~

~~– Relasjons- og kommunikasjonsøvaringsgruppe~~

~~–Praksis med rettleiing og innlevering av praksisrapport~~

~~Fråvær på meir enn 20 % i ein eller fleire av komponentane i emnet fører normalt til tap av eksamensrett.~~

~~Det er ein føresetnad at alle obligatoriske aktivitetar er gjennomførte og godkjende før eksamen.~~

- Deltaking i undervising, inkludert forelesing, workshop, seminar, rollespel, studentpresentasjonar m.m.
- Tre skriftlige tekstar, kvar på ca 1000 ord
 - Tekst 1: Observasjonsoppgave
 - Tekst 2: Refleksjonsoppgave
 - Tekst 3: Analyseoppgåve
- Praktisk-metodisk arbeidsbok
- Deltaking i Relasjons- og kommunikasjonserfaringsgruppe

Alle obligatoriske aktivitetar skal vere gjennomførte og godkjente før eksamen. Manglande godkjenning av ein eller fleire aktivitetar fører normalt til tap av eksamensrett. For undervisinga gjeld eit minimum på 80% oppmøte samla sett, for å få aktiviteten godkjent. For Relasjons- og kommunikasjonsgruppe gjeld 100% oppmøte.

Vurderingsformer

~~Ei individuell skriftleg oppgåve basert på dei tre skriftlege arbeida gjennom semesteret. Den innleverte oppgåva skal vere på om lag 3000-4000 ord. Litteraturliste og vedlegg kjem i tillegg. Linjeavstand 1,5 og 12 pkt. skrift.~~

~~Oppgåva skal ta utgangspunkt i tema og problemstillingar knytt til praksis.~~

~~Den endelige oppgåva blir vurdert i si heilheit.~~

~~Ekstern sensur med to sensorer.~~

Ei individuell skriftleg oppgåve basert på dei tre skriftlege arbeida gjennom semesteret.
Omfang: 3000-4000 ord

Karakterskala

Bokstavakarakter A-F

Vurderingssemester

Vår

Litteraturliste

Pensum: ca. 700 sider.

Emneevaluering

Evaluering blir gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem.

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet.

Administrativt ansvarleg

~~Griegakademiet – Institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.~~

Fakultet for kunst, musikk og design

Institutt

Griegakademiet – institutt for musikk

Kontaktinformasjon

studieveileder@kmd.uib.no

Tlf 55 58 69 50

Emneplan: [Innføring i musikkterapeutisk praksis | Universitetet i Bergen \(uib.no\)](#)

MUTP202

Namn på emnet, nynorsk/bokmål

MUTP202 / Samfunnsmusikkterapi

Namn på emnet, engelsk

MUTP202 / Community Music Therapy

Studiepoeng, omfang

15

Studienivå (studiesyklus)

Bachelor

Fulltid/deltid

Fulltid

Undervisningsspråk

Norsk

Undervisningssemester

Vår

Undervisningsstad

Griegakademiet – Institutt for musikk

Mål og innhald

Emnet gjev ein introduksjon til musikkterapi i eit økologisk og samfunnsorientert perspektiv og inneheld **fire tre** hovudkomponentar:

Samfunnsmusikkterapeutisk teori og forskning

Kurset gjev eit oversyn over dei kontekstorienterte og økologiske perspektiv som pregar samfunnsmusikkterapien og over sentral forskning på feltet. Teoretisk omfattar dette tema som person i kontekst, deltaking, framføring, sosiale nettverk og sosial kapital, musikk- og helseomgrep i sosiokulturelt perspektiv og førebyggjande og helsefremmande arbeid gjennom musikk. Definisjonar av samfunnsmusikkterapi, ulike teoretiske perspektiv og døme på prosjekt frå ulike sosiale og kulturelle kontekstar blir også gjennomgått. Andre sentrale tema er makt, brukarmedverknad, sjølvforvaltning, empowerment, sjølvhjelp og inkludering/marginalisering, forstått i lys av dokument som menneskerettane og barnekonvensjonen.

Praktiske arbeidsmåtar

Kurset gjev ein introduksjon til sentrale arbeidsmåtar som har vist seg relevante i samfunnsmusikkterapien. Dette omfattar alt frå opne miljøtiltak til ulike integreringsprosjekt i eit lokalmiljø. Følgjande aktivitetsformer vil særleg bli vektlagde: opne og improvisasjonsorienterte musikkgrupper, samspel i band, korarbeid, musikkspel og revy, musikkafé, framføring og konsertverksemd. Ved sidan av det konkrete musikkarbeidet, vil det også bli fokusert på indirekte og systemorientert arbeid, t.d. i høve til organisasjonar, lokalsamfunn, kultur, politikk og økonomi.

Praksis

~~Bløkkpraksis i 6. semester (2-4 studentar per praksisplass) er definert som eit samfunns-
musikkterapeutisk prosjekt, for eksempel med fokus på forarbeid, gjennomføring og
etterarbeid i høve til eit framførings-, samarbeids- eller innspelingsprosjekt. Hovedtyngda av
praksis foregår i ein blokkperiode de esiste fire vekene (60 timer) før påske, men delar av
prosjektet kan etter avtale gjennomførast før eller etter denne perioden. Denne
praksisperioden skal gi studenten erfaringar med samfunnsmusikkterapeutiske arbeidsmåtar,
samtidig som dei får større ansvar med meir forventning om sjølvstendig innsats enn det
som var aktuelt i den første praksisperioden i 3. semester. Med 2-4 studentar per
praksisprosjekt oppstår det også behov for og høve til å vektlegge, arbeide med og reflektere
over samarbeidsprosessar.~~

Relasjons- og kommunikasjonserfæringsgruppe (RelKom)

Målet med ~~dette kurset~~ RelKom er å gje studentane grunnleggjande kommunikativ kompetanse for arbeid med menneske, å utvikle studentane si evne til å registrere og beskrive sosialt samspel og å utvikle ei betre forståing av kva som ligg i terapeutisk identitet og rolle. ~~Kurset~~ RelKom omfattar m.a. kontakt- og samarbeidsøvingar og grunntrening i å vere nærverande, å merke egne og andre sine grenser, og å vere sentrert i kontakt med andre menneske. Kurset byggjer vidare på ~~tilsvarende kurs~~ RelKom på MUTP204 i MUTP205.

Læringsutbyte

Ved avslutta emne har studenten følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

Kunnskapar

- Studenten har god kunnskap om samfunnsmusikkterapeutisk teori og praksis.

Dugleikar

- Studenten forstår musikken sin funksjon i samfunnet og har ei konstruktiv og etisk haldning til bruk av musikk som helsefremjande verkemiddel.

Generell kompetanse

- Studenten kjenner til korleis musikkarbeidet kan inngå i kulturelle og sosiale nettverk. Studenten er fortruleg med brukarmedverknad, sjølvforvaltning og inkludering.

Krav til forkunnskapar

Opptak på det integrerte masterprogrammet og fullført ~~MUTP101~~ MUTP100 / Innføring i musikkterapi

Studiepoengsreduksjon

Ingen

Krav til studierett

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning

~~Undervisninga blir lagt opp med varierte undervisningsformer med tanke på integrasjon av teoretisk og praktisk metodisk kunnskapsstoff. Undervisninga blir gitt som forelesingar, forelesingar, gruppearbeid, verkstad med fokus på å tileigne seg, prøve ut, få rettleiing på og vidareutvikle praktisk metodisk dugleik i samfunnsmusikkterapi. Seminara i Relasjons- og kommunikasjonserfærings gruppa fokuserer på deltaking, eigenerfaring og refleksjon i gruppa.~~

~~Praksis blir vanlegvis konsentrert til ein prosjektperiode på 4 veker eit stykke ut i semesteret. Praksis kan skje både på dagtid, kveldstid og i helger, eller i samband med framføringar,~~

~~prosjekt, osv. Praksis vil ha kontinuerlig rettleiing. Det skal skrivast ein kort praksisrapport. Det er ein eigen mal for praksisrapport. Rapporten skal godkjennast av praksislærer.~~

Arbeids- og undervisningsformer

Arbeidet i emnet er sett saman av varierte undervisningsaktivitetar, og føreset aktiv studentmedverknad. Konkrete aktivitetar inkluderer forelesing, gruppearbeid, verkstad/workshop m.m.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

~~All undervisning er obligatorisk og omfattar:~~

- ~~–60 timar praksis med rettleiing~~
- ~~–Førestilling (eller alternative former som t.d. ei plateinnspeling eller ein filmproduksjon) som er knytt til praksisprosjektet i emnet.~~
- ~~–Ei praktisk metodisk arbeidsbok skal utarbeidast. Omfanget av arbeidsboka er på ca. 10 songar eller 10 aktivitetar.~~
- ~~–Deltaking Relasjons- og Kommunikasjonserfaringsgruppe~~

~~Det er ein føresetnad at alle obligatoriske aktivitetar er godkjende før oppmelding til eksamen.~~

~~Fråvær på meir enn 20 % fører normalt til tap av eksamensrett.~~

- Deltaking i undervisning, inkludert forelesing, verkstad, gruppearbeid, studentpresentasjonar m.m.
- Framsyning, lydinnspeling, film el.l. knytt til eit samfunnsmusikkterapeutisk prosjekt.
- Praktisk-metodisk arbeidsbok
- Deltaking i Relasjons- og kommunikasjonserfaringsgruppe

Alle obligatoriske aktivitetar skal vere gjennomførte og godkjente før eksamen. Manglande godkjenning av ein eller fleire aktivitetar fører normalt til tap av eksamensrett. For undervisinga gjeld eit minimum på 80% oppmøte samla sett, for å få aktiviteten godkjent. For Relasjons- og kommunikasjonsgruppe gjeld 100% oppmøte.

Vurderingsformer

~~Eksamen er eit foredrag på 20-30 minutt. Kandidaten gjer greie for relevante aspekt av planlegging, gjennomføring og evaluering av praksisprosjektet i høve til samfunnsmusikkterapeutisk teori.~~

~~Intern sensur med minst to sensorar.~~

Eit munnleg foredrag på 20-30 minutt.

Karakterskala

~~Greidd/Ikkje greidd~~

Bestått / Ikkje bestått

Vurderingssemester

Vår

Litteraturliste

Pensum er på ca. 750 s. I tillegg kjem metodisk materiale som studenten tileignar seg eit nærare bestemt utval i frå og samlar i ei arbeidsbok.

Emneevaluering

~~Det blir gjennomført evaluering i form av spørjeskjema. Ein skriftleg rapport blir utarbeidd.~~
Evaluering blir gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem.

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.

Administrativt ansvarleg

~~Griegakademiet – Institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.~~

Fakultet for kunst, musikk og design

Institutt

Griegakademiet – Institutt for musikk

Kontaktinformasjon

studieveileder@kmd.uib.no

Tlf 55 58 69 50

Emneplan: [Samfunnsmusikkterapi | Universitetet i Bergen \(uib.no\)](#)

MUTP305

Namn på emnet, nynorsk

MUTP305 / Musikkterapi i helsesektoren I

Namn på emnet, engelsk

MUTP305 / Music therapy in the health sector – I

Studiepoeng, omfang

15 stp.

Studienivå (studiesyklus)

Master

Fulltid/deltid

Fulltid

Undervisningsspråk

Norsk

Undervisningssemester

Haust og vår. Undervisninga går over to semester.

Mål og innhald

Emnet gjev ei innføring i musikkterapi i psykisk helse- og rusarbeid og musikkterapi i medisinske kontekstar og inneheld ~~fire tre~~ hovudkomponentar: ~~inkludert praksis~~:

Innføring i musikkterapi i psykisk helse- og rusarbeid

Kurset gjev ei innføring i musikkterapi som helsefremmande arbeid innanfor kommunesektoren og spesialisthelsetenesta i psykisk helse og rus, deriblant musikkterapi i DPS (Distriktspsykiatrisk senter), BUP (Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk) og tverrfagleg spesialisert behandling av rusmiddelproblemer (TSB). Kurset omfattar sentral forskning og gjennomgår nasjonale retningslinjer på feltet. Teoretiske perspektiv frå ulike tradisjonar og tverrfaglege felt vil bli gjennomgått, mellom anna medisinske perspektiv på psykisk lidning og ein gjennomgang av diagnostiske termar. Kurset vil gje ei innføring i ulike musikkterapeutiske metodar som blir brukt i psykisk helse- og rusarbeid, og inkluderer både musikkterapi i individuelle settingar og arbeid med grupper. Kurset vil særleg leggje vekt på ressursorientert musikkterapi og recovery-tradisjonen. Arbeid med samtale inngår.

Musikkterapi i medisinske kontekstar

Kurset i Musikkterapi i medisinske kontekstar omfattar både teori, forskning og praktisk arbeid relatert til medisinske kontekstar, inklusivt sjukehusavdelingar, nevrorehabilitering og palliativ omsorg. Perspektiv frå ulike tradisjonar og tverrfaglege felt vil bli gjennomgått. Ulike tilnærmingar og arbeidsmåtar blir presenterte og det blir gitt eksempel på forskjellige typar arbeid og over sentral forskning på feltet.

Relasjons- og kommunikasjonserfaringsgruppe (RelKom)

Relasjons- og kommunikasjonserfaringsgruppa byggjer vidare på ~~tilsvarande kurs på arbeid i~~ MUTP202 og MUTP205. ~~eg Det~~ gjev studentane høve til å arbeide vidare med kommunikativ kompetanse i arbeid med menneske, i relasjon til ei grundigare forståing av kva som ligg i terapeutisk identitet og rolle. ~~Kurset RelKom~~ gjev rom for erfaring ~~med~~ og arbeid med gruppeprosessar og med personlege prosessar knytt til erfaringar i undervisning og praksis ved studiet.

Praksis

~~Praksis i MUTP305 er fordelt på to praksisperiodar. Praksis i 7. semester omfatter 80 timar punktpraksis under rettleiing av musikkterapeut. Punktpraksis vøt gjennomført i relevante helsekontekstar og/eller kontekstar knytt til barn og unges oppvekst. Blokkpraksis i 8. semester er fire vokers samanhengande praksis.~~

Læringsutbyte

Ved avslutta emne har studenten følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

Kunnskapar

Studenten kjenner til teori, forskning og musikkterapeutiske arbeidsformer som blir brukt i medisinske kontekstar og i psykisk helse- og rusarbeid.

Studenten har grunnleggjande kunnskap som er nødvendig for utøving av musikkterapi innan desse kontekstane.

Dugleikar

Studenten har godt utvikla dugleikar for musikkterapeutisk praksis innan kommunesektoren og spesialisthelsetenesta i psykisk helse og rus og innan medisinske kontekstar.

Generell kompetanse

Studenten har erfaring med individuelle terapiprosessar så vel som gruppeprosessar, og kan reflektere over personlege prosessar knytt til terapi.

Studenten har utvikla eit repertoar av musikkterapeutiske arbeidsformar som kan nyttast i dei aktuelle praksisfelta.

Krav til forkunnskapar

Opptak til 300-nivå i det integrerte masterprogrammet i musikkterapi.

Studiepoengreduksjon

Ingen

Krav til studierett

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

~~Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning~~

~~Ca. 12 forelesninger med variert undervisningsform som integrasjon av teoretisk og praktisk-metodisk kunnskapsstoff, og vil inkludere forelesingar, gruppearbeid, diskusjonar og dessutan ei verkstadsform med fokus på å tileigne seg, prøve ut, få rettleiing på og vidareutvikle praktisk-metodisk dugleik i musikkterapi.~~

Arbeids- og undervisningsformer

Arbeidet i emnet er sett saman av varierte undervisningsaktivitetar, og føreset aktiv studentmedverknad. Konkrete aktivitetar inkluderer forelesing, gruppearbeid, verkstad/workshop m.m.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

~~All undervisning er obligatorisk og omfattar fleire komponentar/kurs:~~

- ~~–Punktpraksis i 7.semester, med rettleiing og innlevering av praksisrapport (se Arbeidshefte for praksis)~~
- ~~–Blokkpraksis i 8.semester, med rettleiing og innlevering av praksisrapport (se Arbeidshefte for praksis)~~
- ~~–Ei praktisk-metodisk arbeidsbok med 10 aktivitetar skal utarbeidast~~
- ~~–Relasjons- og kommunikasjonsørfaringsgruppe~~

~~Det er ein føresetnad at alle obligatoriske aktivitetar er gjennomførte og godkjende før eksamen.~~

~~Fråvær på meir enn 20 % fører normalt til tap av eksamensrett.~~

- Deltaking i undervisning, inkludert inkluderer forelesing, gruppearbeid, verkstad/workshop m.m.
- Praktisk-metodisk arbeidsbok
- Deltaking i Relasjons- og kommunikasjonsørfaringsgruppe

Alle obligatoriske aktivitetar skal vere gjennomførte og godkjente før eksamen. Manglande godkjenning av ein eller fleire aktivitetar fører normalt til tap av eksamensrett. For undervisninga gjeld eit minimum på 80% oppmøte samla sett, for å få aktiviteten godkjent. For Relasjons- og kommunikasjonsgruppe gjeld 100% oppmøte.

Vurderingsformer

~~Munnleg eksamen. Foredrag på om lag 30 min som integrerer relevant teori, forskning og praksis i ein sjølvvald praksiskontekst eller med ei klientgruppe relevant for emnet.~~

~~Intern sensur med minst to sensorar~~

~~Eit munnleg foredrag på om lag 30 min.~~

Karakterskala

~~Greidd/Ikkje greidd~~

Bestått / Ikkje bestått

Vurderingssemester

Vår

Litteraturliste

Pensum er på ca. 800 s. Eiga litteraturliste blir utarbeidd.

Emneevaluering

Evaluering blir gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet.

Administrativt ansvarleg

Fakultet for kunst, musikk og design ~~v/Griegakademiet – Institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.~~

Institutt

Griegakademiet – institutt for musikk

Kontaktinformasjon

studieveileder@kmd.uib.no

Tlf: 55 58 69 50

Emneplan: [Musikterapi i helsesektoren I | Universitetet i Bergen \(uib.no\)](#)

MUTP306

Namn på emnet, nynorsk/bokmål

MUTP306 / Musikkterapi i helsesektoren II

Namn på emnet, engelsk

MUTP306 / Music therapy in the health sector – II

Studiepoeng, omfang

15 stp.

Studienivå (studiesyklus)

Master

Fulltid/deltid

Fulltid

Undervisningsspråk

Norsk

Undervisningssemester

Haust og vår. Undervisninga går over to semester.

Mål og innhald

Emnet gjev ei innføring i musikkterapi i eldreomsorg, og utdjupande arbeid med musikkterapi i psykisk helse- og rusarbeid. Emnet inneheld **fire to** hovudkomponentar: ~~inkludert praksis:~~

Musikkterapi i eldreomsorg

Kurset gjev ei innføring i musikkterapi i eldreomsorg, med fokus både på heimebuande eldre med relativt avgrensa hjelpebehov og eldre på institusjon med omfattande hjelpebehov, og inkluderer praksisar i varierte kontekster. Emnet vil forankre musikkterapeutisk praksis til teoretiske perspektiv frå ulike tradisjonar og tverrfaglege felt, og gje ei introduksjon til sentral forskning på feltet. Relasjonelle tilnærmingar blir vektlagde, med vekt på personstatus og medborgarskap. Kurset har fokus både på individuelle tilbod, tilrettelagde gruppetilbod og ulike former for miljøtiltak, som t.d. korarbeid. Det blir lagt vekt på at studentane skal utvikle evne til å støtte og anerkjenne dei eldre sine egne musikkinteresser. Kurset vil utforske musikkterapiens rolle i system og institusjon og vektlegge ulike former for samarbeid og kompetanseoverføring.

Fordjuping i musikkterapi i psykisk helse- og rusarbeid

Kurset gjev ei fordjuping i musikkterapi som helsefremmjande arbeid, førebygging, behandling, og oppfølging innanfor kommunesektoren og spesialisthelsetenesta i psykisk helse og rus, med særskild fokus på å utvikle breidde i praksiskontekstar og settingar. Kurset tar sikte på å gje ei fordjuping i ulike musikkterapeutiske arbeidsformer som blir brukt i psykisk helsearbeid og rusarbeid, og vil søkje å vidareutvikle studentane sin bruk av samtale og personleg refleksjon. Undervisninga i emnet vil fokusere på musikkterapi i akutt behandling, utfordringar relaterte til komorbiditet og ROP-kontekstar (Nasjonal kompetansetjeneste for samtidig rusmisbruk og psykisk lidelse), oppfølgingsarbeid, og tidleg intervensjon. Kurset vil også omfatte perspektiv på arbeid med traume.

~~Innføring i BMGIM~~

~~Innføring i BMGIM (The Bonny Method of Guided Imagery and Music) inngår i emnet.~~

Praksis

~~Studentar i 9. og 10. semester har sjølvstendig praksis med rettleiing.~~

Læringsutbytte

Ved avslutta emne har studenten følgjande læringsutbytte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

Kunnskapar

- Studenten kjenner til teori, forskning og musikkterapeutiske arbeidsformer i eldreomsorg, og psykisk helse- og rusarbeid.
- Studenten har djubdekunnskap som er nødvendig for utøving av musikkterapi innan eit breitt felt av kontekstar i psykisk helse- og rusarbeid, og god kunnskap i eldreomsorg.

Dugleikar

- Studenten har godt utvikla dugleikar for musikkterapeutisk praksis innan psykisk helse og rus, og i eldreomsorg.
- Studenten har evne til å utforme og skreddarsy musikkterapeutisk tilbod til brukar og organisasjon, og har evne til å tilpasse tilbodet til behov i ulike arbeidsfasar (helsefremmande og førebyggjande arbeid, behandling, og oppfølgingsarbeid).

Generell kompetanse

- Studenten har utvikla eit repertoar av musikkterapeutiske arbeidsformar som kan nyttast fleksibelt i dei aktuelle praksisfelt.
- Studenten kan nytte sine kunnskapar og dugleikar på nye område for å gjennomføre avanserte arbeidsoppgåver og prosjekt.
- Studenten demonstrerer evne til tverrfagleg samarbeid, tverretatleg arbeid og kunnskapsoverføring.

Krav til forkunnskapar

Opptak til 300-nivå i det integrerte masterprogrammet i musikkterapi ~~og gjennomført~~ og bestått MUTP305.

Studiepoengreduksjon

Ingen

Krav til studierett

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning

~~Ca. 12 forelesninger med variert undervisningsform som integrasjon av teoretisk og praktisk-metodisk kunnskapsstoff, og vil inkludere forelesingar, gruppearbeid, diskusjonar og dessutan ei verkstadsform med fokus på å tileigne seg, prøve ut, få rettleiing på og vidareutvikle praktisk-metodisk dugleik i musikkterapi.~~

Arbeidet i emnet er sett saman av varierte undervisningsaktivitetar, og føreset aktiv studentmedverknad. Konkrete aktivitetar inkluderer forelesing, gruppearbeid, verkstad/workshop m.m.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

~~All undervisning er obligatorisk og omfattar fleire komponentar/kurs:~~

- ~~–Praksis med rettleiing og innlevering av praksisrapport (se Arbeidshefte for praksis)~~
- ~~–Ei praktisk metodisk arbeidsbok med 10 aktivitetar skal utarbeidast~~
- ~~–3 skriftlege tekstar, kvar på ca. 1000 ord~~
- ~~–BMGIM-kurs~~

~~Det er ein føresetnad at alle obligatoriske aktivitetar er gjennomførte og godkjende før eksamen.~~

~~Fråvær på meir enn 20 % fører normalt til tap av eksamensrett.~~

- Deltaking i undervisning, inkludert inkluderer forelesing, gruppearbeid, verkstad/workshop m.m.
- Praktisk-metodisk arbeidsbok
- Tre skriftlege tekstar, kvar på ca. 1000 ord
 - Tekst 1: Observasjons- eller refleksjonsnotat
 - Tekst 2: Eigenkomponert musikkterapeutisk song/aktivitet med grunngjeving
 - Tekst 3: Utforskande, refleksiv tekst

Alle obligatoriske aktivitetar skal vere gjennomførte og godkjente før eksamen. Manglande godkjenning av ein eller fleire aktivitetar fører normalt til tap av eksamensrett. For undervisninga gjeld eit minimum på 80% oppmøte samla sett, for å få aktiviteten godkjent.

Vurderingsformer

~~Ei skriftleg oppgåve basert på tre kortare skriftlege arbeid gjennom året. Den innleverte oppgåva skal innehalde tre komponentar og vere knytt til studentens eigenpraksis.~~

- ~~—Eit observasjons- eller refleksjonsnotat om klientretta arbeid som gjer koplingar til forskning og teoretiske perspektiv.~~
- ~~—Ein kommentert musikkterapeutisk song eller aktivitet som studenten sjølv har arrangert eller komponert. Kommentaren til den musikkterapeutiske songen/aktiviteten skal grunngje musikalske val utifrå terapeutiske målsetjingar.~~
- ~~—Ein utforskande refleksiv tekst om musikkterapi i system (til dømes integrasjon i institusjon, tverrfagleg samarbeid, samarbeid med pårørande)~~

~~Den innleverte oppgaven skal vere på ca. 3000 ord, med linjeavstand 1,5 og 12 pkt. skrift. Litteraturliste og vedlegg kjem i tillegg. Når to eller fleire studentar skriv oppgåve saman, blir omfanget utvida med 2/3 for kvar ny medforfattar.~~

~~Den endelege oppgåva blir vurdert som ein heilheit. Intern sensur med minst to sensorar.~~

Ei individuell skriftleg oppgåve basert på dei tre skriftlege arbeida gjennom året. Omfang: 3000-4000 ord.

Karakterskala

~~Greidd/Ikkje greidd~~

Bestått / Ikkje bestått

Vurderingssemester

Vår

Litteraturliste

Pensum er på ca. 800 s. Eiga litteraturliste blir utarbeidd.

Emneevaluering

Evaluering blir gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem.

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet.

Administrativt ansvarleg

~~Griegakademiet – Institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.~~

Fakultet for kunst, musikk og design

Institutt

Griegakademiet – institutt for musikk

Kontaktinformasjon

studieveileder@kmd.uib.no

Tlf; 55 58 69 50

Emneplan: [Musikterapi i helsesektoren II | Universitetet i Bergen \(uib.no\)](#)

Vedlegg til sak 5/24 Utskilling av praksis som egne emner på Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

IRGA 7/3-24

Innhold:

Forslag til emneplan for nye praksisemne:

- MUTPRA101 _____ s. 2
- MUTPRA102 _____ s. 4
- MUTPRA201 _____ s. 7
- MUTPRA301 _____ s. 10
- MUTPRA302 _____ s. 13
- MUTPRA303 _____ s. 16

Emnekode MUTPPRA101

Namn på emnet, nynorsk/bokmål

MUTPRA101 / Musikkterapi praksis 1

Studiepoeng, omfang

Praksis gir ingen studiepoeng, men er ein integrert del av Integrert mastergrad i musikkterapi ved Fakultet for kunst, musikk og design, og er knytt til fleire av emna på studiet.

Studienivå (studiesyklus)

Bachelor

Fulltid/deltid

Fulltid

Undervisningsspråk

Norsk

Undervisningssemester

Haut/Vår

Undervisningsstad

Griegakademiet – Institutt for musikk

Mål og innhald

Studentane får gjennom observasjon oppleve ulike sider av musikkterapeutrolla innfor nokre musikkterapeutiske kontekstar. Målet er at studenten skal få ei gryande forståing for nokre av grunnføresetnadane for utøving av musikkterapi i praksis.

Læringsutbyte

Ved avslutta emne har studenten følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

Kunnskapar

- Studenten har noko kunnskap om ulike sider ved utøvinga av musikkterapi i praksis og kan identifisere problemstillingar knytt til musikkterapeutrolla i ulike kontekstar.

Dugleikar

- Studenten meistrar grunnleggande metodar for observasjon av musikkterapi praksis og dokumentasjon av denne, og kan reflektere over eigen oppleving med observasjonen.
- Studenten viser forståing av korleis musikkterapi blir praktisert, med kva målgrupper og i kva samanhengar, og kan delta i samtalar om kva som er god praksis.

Generell kompetanse

- Studenten har noko forståing for musikkterapeutens rolle i utøvinga av musikkterapi i praksis

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

Ingen

Studiepoengsreduksjon

Ingen

Krav til studierett

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

Arbeids- og undervisningsformer

Praksis vert gjennomført som praksisbesøk i grupper på 3-5 studentar. To-fire besøk fordelt på to semester, minimum eitt besøk per semester.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

- 2-4 praksisbesøk i gruppe
- Observasjons- og refleksjonsoppgåve for kvart besøk

Alle obligatoriske aktivitetar skal vere gjennomførte for å kunne bestå emnet.

For praksis gjeld 100% oppmøte.

Vurderingsformer

Ein skriftleg praksisrapport basert på observasjons- og refleksjonsoppgåvene gjennom året.

Karakterskala

Bestått / Ikkje bestått

Vurderingssemester

Vår

Litteraturliste

Emnet har ikkje litteraturliste.

Emneevaluering

Evaluering blir gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem.

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet.

Administrativt ansvarleg

Fakultet for kunst, musikk og design

Institutt

Griegakademiet – Institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

Kontaktinformasjon

studieveileder@kmd.uib.no

Emnekode MUTPPRA102

Namn på emnet, nynorsk/bokmål
MUTPRA102 / Musikkterapi praksis 2

Studiepoeng, omfang

Praksis gir ingen studiepoeng, men er ein integrert del av Integrert mastergrad i musikkterapi ved Fakultet for kunst, musikk og design, og er knytt til fleire av emna på studiet.

Studienivå (studiesyklus)

Bachelor

Fulltid/deltid

Fulltid

Undervisningsspråk

Norsk

Undervisningssemester

Vår

Undervisningsstad

Griegakademiet – Institutt for musikk

Mål og innhald

Praksisperioden byggjer vidare på MUTPRA101. Studentane får høve til å følgje ein musikkterapeut i sitt daglege verke over ein periode på 12-15 veker. Gjennom å observere og delta i musikkterapi praksis får studenten erfaring i det å følgje einskildklientar og/eller grupper gjennom terapeutiske prosessar over ein periode. Målet er at studentane skal få ei djupare forståing av musikkterapeutens yrkesidentitet og rolle i systemet.

Læringsutbyte

Ved avslutta emne har studenten følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

Kunnskap

- Studenten har elementær forståing av musikkterapi i ein tverrfagleg og systemisk kontekst
- Studenten har elementær forståing av yrkesrolle og profesjonalitet

Dugleikar

- Studenten viser evne til å observere og rapportere om musikkterapeutisk praksis.
- Studenten demonstrerer ei grunnleggjande profesjonell haldning.

Generell kompetanse

- Studenten har forståing av musikkterapeutisk praksis og rolle i forskjellige praksissamanhengar.
- Studenten har evne til å reflektere over eiga forståing og eigen læringsprosess og over framtidige roller som profesjonsutøvar.

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

MUTPRA101

Studiepoengsreduksjon

Ingen

Krav til studierett

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

Arbeids- og undervisningsformer

Praksis vert gjennomført som punktpraksis ein heil eller to halve dagar i veka gjennom semestert, til saman 60 timar, under direte rettleiing av ein musikkterapeut. Praksis inneber rettleiing, klientkontakt, møteverksemd, planlegging m.m.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

- 60 timar punktpraksis
- Forebuing, etterarbeid og rettleiing knytt til praksis
- Praksisrapport

Alle obligatoriske aktivitetar skal vere gjennomførte og godkjente for å kunne bestå emnet. For praksis gjeld 100% oppmøte.

Vurderingsformer

Praksislærer vurderer om praksis er bestått utifrå ei heilskapleg vurdering av studenten gjennom praksisperioden. Vurderinga skal gjerast tilgjengeleg for studenten før praksisperioden er over.

Karakterskala

Bestått / Ikkje bestått

Vurderingssemester

Vår

Litteraturliste

Emnet har ikkje litteraturliste.

Emneevaluering

Evaluering blir gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem.

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet.

Administrativt ansvarleg

Fakultet for kunst, musikk og design

Institutt

Griegakademiet – Institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

Kontaktinformasjon

studieveileder@kmd.uib.no

Emnekode MUTPPRA201

Namn på emnet, nynorsk/bokmål
MUTPRA201 / Musikkterapi praksis 3

Studiepoeng, omfang

Praksis gir ingen studiepoeng, men er ein integrert del av Integrert mastergrad i musikkterapi ved Fakultet for kunst, musikk og design, og er knytt til fleire av emna på studiet.

Studienivå (studiesyklus)

Bachelor

Fulltid/deltid

Fulltid

Undervisningsspråk

Norsk

Undervisningssemester

Vår

Undervisningsstad

Griegakademiet – Institutt for musikk

Mål og innhald

Praksisperioden byggjer vidare på MUTPRA101 og MUTPRA102, og vert gjennomført som blokkpraksis over fire samanhengande veker.

Blokkpraksis i sjette semester er definert som eit samfunnsmusikkterapeutisk prosjekt, til dømes med fokus å forarbeid, gjennomføring og etterarbeid av eit framførings-, samarbeids- eller innspelingsprosjekt. Målet er at studentane skal få erfaring med samfunnsmusikkterapeutiske arbeidsmåtar. Studentane får i denne praksisperioden større ansvar, med meir forventning om sjølvstende, enn i tidlegare praksisperiodar.

Læringsutbyte

Ved avslutta emne har studenten følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

Kunnskapar

- Studenten har god kunnskap om samfunnsmusikkterapeutisk teori og praksis.

Dugleikar

- Studenten forstår musikken sin funksjon i samfunnet og har ei konstruktiv og etisk haldning til bruk av musikk som helsefremjande verkemiddel.

Generell kompetanse

- Studenten kjenner til korleis musikkarbeidet kan inngå i kulturelle og sosiale nettverk. Studenten er fortruleg med brukarmedverknad, sjølvforvaltning og inkludering.

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

MUTPRA101 og MUTPRA102

Studiepoengsreduksjon

Ingen

Krav til studierett

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

Arbeids- og undervisningsformer

Praksis vert gjennomført som fire veker samanhengande, til saman 60 timar. Praksis er rettleia av ein musikkterapeut og inneber rettleiing, klientkontakt, møteverksemd, planlegging m.m.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

- 60 timar blokkpraksis
- Forebuing, etterarbeid og rettleiing knytt til praksis
- Praksisrapport

Alle obligatoriske aktivitetar skal vere gjennomførte og godkjente for å kunne bestå emnet. For praksis gjeld 100% oppmøte.

Vurderingsformer

Praksislærar vurderer om praksis er bestått utifrå ei heilskapleg vurdering av studenten gjennom praksisperioden. Vurderinga skal gjerast tilgjengeleg for studenten før praksisperioden er over.

Karakterskala

Bestått / Ikkje bestått

Vurderingssemester

Vår

Litteraturliste

Emnet har ikkje litteraturliste.

Emneevaluering

Evaluering blir gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem.

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet.

Administrativt ansvarleg

Fakultet for kunst, musikk og design

Institutt

Griegakademiet – Institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

Kontaktinformasjon
studieveileder@kmd.uib.no

Emnekode MUTPPRA301

Namn på emnet, nynorsk/bokmål
MUTPRA301 / Musikkterapi praksis 4

Studiepoeng, omfang

Praksis gir ingen studiepoeng, men er ein integrert del av Integrert mastergrad i musikkterapi ved Fakultet for kunst, musikk og design, og er knytt til fleire av emna på studiet.

Studienivå (studiesyklus)

Bachelor

Fulltid/deltid

Fulltid

Undervisningsspråk

Norsk

Undervisningssemester

Haust

Undervisningsstad

Griegakademiet – Institutt for musikk

Mål og innhald

Praksisperioden byggjer vidare på MUTPRA101, MUTPRA102 og MUTPRA201, og vert gjennomført som punktpraksis over ein periode på 15-18 veker. Praksisen er i utgangspunktet knytt til eitt av følgjande område: barn og unges oppvekst, psykisk helse eller medisinske kontekstar. Studentane får erfaring i det å følgje einskildklientar og/eller grupper gjennom terapeutiske prosessar over ein periode. I denne praksisperioden er det høgare forventingar til studentens sjølvstende og forståing av prosess og relasjon enn i tidlegare praksisperiodar. Studentane skal heilt eller delvis ta ansvar for musikkterapitimar eller forlaup. Målet er at studentane skal få ei djupare forståing av musikkterapeutens relasjonelle rolle og samspelet mellom musikkterapeut og klient.

Læringsutbyte

Ved avslutta emne har studenten følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

Kunnskapar

- Studenten kjenner til teori, forskning og musikkterapeutiske arbeidsformer som er relevant for praksisområdet.
- Studenten har kunnskap som er nødvendig for utøving av musikkterapi innan desse kontekstane.

Dugleikar

- Studenten har godt utvikla dugleikar for musikkterapeutisk praksis innafør praksisområdet.

Generell kompetanse

Studenten har erfaring med individuelle terapiprosessar så vel som gruppeprosessar, og kan reflektere over personlege prosessar knytt til terapi.

- Studenten har utvikla eit repertoar av musikkterapeutiske arbeidsformar som kan nyttast i dei aktuelle praksisfelta.

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

MUTPRA101, MUTPRA102 og MUTPRA201

Studiepoengsreduksjon

Ingen

Krav til studierett

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

Arbeids- og undervisningsformer

Praksis vert gjennomført som punktpraksis ein heil eller to halve dagar i veka gjennom semestert, til saman 80 timar, under direte rettleiing av ein musikkterapeut. Praksis inneber rettleiing, klientkontakt, møteverksemd, planlegging m.m.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

- 80 timar punktpraksis
- Forebuing, etterarbeid og rettleiing knytt til praksis
- Praksisrapport

Alle obligatoriske aktivitetar skal vere gjennomførte og godkjente for å kunne bestå emnet. For praksis gjeld 100% oppmøte.

Vurderingsformer

Praksislærer vurderer om praksis er bestått utifrå ei heilskapleg vurdering av studenten gjennom praksisperioden. Vurderinga skal gjerast tilgjengeleg for studenten før praksisperioden er over.

Karakterskala

Bestått / Ikkje bestått

Vurderingssemester

Haust

Litteraturliste

Emnet har ikkje litteraturliste.

Emneevaluering

Evaluering blir gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem.

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på

studieprogrammet.

Administrativt ansvarleg

Fakultet for kunst, musikk og design

Institutt

Griegakademiet – Institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

Kontaktinformasjon

studieveileder@kmd.uib.no

Emnekode MUTPPRA302

Namn på emnet, nynorsk/bokmål

MUTPRA302 / Musikkterapi praksis 5

Studiepoeng, omfang

Praksis gir ingen studiepoeng, men er ein integrert del av Integrert mastergrad i musikkterapi ved Fakultet for kunst, musikk og design, og er knytt til fleire av emna på studiet.

Studienivå (studiesyklus)

Bachelor

Fulltid/deltid

Fulltid

Undervisningsspråk

Norsk

Undervisningssemester

Vår

Undervisningsstad

Griegakademiet – Institutt for musikk

Mål og innhald

Praksisperioden byggjer vidare på MUTPRA101, MUTPRA102, MUTPRA201 og MUTPRA301, og vert gjennomført som blokkpraksis over fire samanhengande veker. I denne praksisperioden får studenten høve til å gjennomføre praksis i utlandet, eller andre stader i Noreg. Dette opnar opp for at studentane kan erfare arbeidsfelt dei er særskilt interesserte i, og følgje ein musikkterapeuts arbeidsveke. Målet er at studentane skal få ei djupare forståing av framtidig yrkesrolle.

Læringsutbyte

Ved avslutta emne har studenten følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

Kunnskapar

- Studenten kjenner til teori, forskning og musikkterapeutiske arbeidsformer som er relevant for praksisområdet.
- Studenten har kunnskap som er nødvendig for utøving av musikkterapi innanfor praksisområdet.

Dugleikar

- Studenten har godt utvikla dugleikar for musikkterapeutisk praksis.
- Studenten kan reflektere over og diskutere framtidig yrkesrolle.

Generell kompetanse

- Studenten har erfaring med individuelle terapiprosessar så vel som gruppeprosessar, og kan reflektere over personlege prosessar knytt til terapi
- Studenten har utvikla eit repertoar av musikkterapeutiske arbeidsformar som kan nyttast i dei aktuelle praksisfelt.

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

MUTPRA101, MUTPRA102, MUTPRA201 og MUTPRA301

Studiepoengsreduksjon

Ingen

Krav til studierett

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

Arbeids- og undervisningsformer

Praksis vert gjennomført som fire veker samanhengande, til saman 80 timar. Praksis er rettleia av ein musikkterapeut og inneber rettleiing, klientkontakt, møteverksemd, planlegging m.m.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

- 80 timar blokkpraksis
- Forebuing, etterarbeid og rettleiing knytt til praksis
- Praksisrapport

Alle obligatoriske aktivitetar skal vere gjennomførte og godkjente for å kunne bestå emnet. For praksis gjeld 100% oppmøte.

Vurderingsformer

Praksislærer vurderer om praksis er bestått utifrå ei heilskapleg vurdering av studenten gjennom praksisperioden. Vurderinga skal gjerast tilgjengeleg for studenten før praksisperioden er over.

Karakterskala

Bestått / Ikkje bestått

Vurderingssemester

Vår

Litteraturliste

Emnet har ikkje litteraturliste.

Emneevaluering

Evaluering blir gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem.

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet.

Administrativt ansvarleg

Fakultet for kunst, musikk og design

Institutt

Griegakademiet – Institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

Kontaktinformasjon

studieveileder@kmd.uib.no

Emnekode MUTPPRA303

Namn på emnet, nynorsk/bokmål

MUTPRA303 / Musikkterapi praksis fordjuping

Studiepoeng, omfang

Praksis gir ingen studiepoeng, men er ein integrert del av Integrert mastergrad i musikkterapi ved Fakultet for kunst, musikk og design, og er knytt til fleire av emna på studiet.

Studienivå (studiesyklus)

Bachelor

Fulltid/deltid

Fulltid

Undervisningsspråk

Norsk

Undervisningssemester

Haut/Vår

Undervisningsstad

Griegakademiet – Institutt for musikk

Mål og innhald

Praksisperioden byggjer vidare på MUTPRA101, MUTPRA102, MUTPRA201 og MUTPRA301. Praksisen vert gjennomført som eigenpraksis, der studentane sjølv tek ansvar og er aktiv i å etablere eller skaffe seg ein praksisplass. Studentane står relativt fritt når det gjeld organiseringa, i samråd med fagleg praksiskoordinator. Praksisperioden gjev studenten høve til å fordjupe seg i eit praksisområde relatert til eige masterprosjekt. Målet er at studentane sjølvstendig skal ha ansvar for planlegging, gjennomføring og vurdering av musikkterapitilbod, samt å formidle dette arbeidet.

Læringsutbyte

Ved avslutta emne har studenten følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

Kunnskapar

- Studenten kjenner til teori, forskning og musikkterapeutiske arbeidsformer som er relevant for praksisområdet.
- Studenten har djupnekunnskap som er nødvendig for utøving av musikkterapi innan dette området

Dugleikar

- Studenten har godt utvikla dugleikar for musikkterapeutisk praksis for praksisområdet.
- Studenten kan planlegge, gjennomføre og vurdere musikkterapitilbod, og formidle dette arbeidet.

Generell kompetanse

- Studenten har erfaring med individuelle terapiprosessar så vel som gruppeprosessar, og kan reflektere over personlege prosessar knytt til terapi.

- Studenten har utvikla eit repertoar av musikkterapeutiske arbeidsformar som kan nyttast i dei aktuelle praksisfelta.

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

MUTPRA101, MUTPRA102, MUTPRA201 og MUTPRA301

Studiepoengsreduksjon

Ingen

Krav til studierett

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

Arbeids- og undervisningsformer

Praksis vert gjennomført som punktpraksis, ein heil eller to halve dagar i veka gjennom semesteret, til saman 90 timar. I særskilte høve kan det vurderast om praksisen heller kan gjennomførast som blokkpraksis.

- 90 timar punkt- eller blokkpraksis
- Forebuing, etterarbeid og rettleiing knytt til praksis
- Praksisrapport

Alle obligatoriske aktivitetar skal vere gjennomførte og godkjente for å kunne bestå emnet. For praksis gjeld 100% oppmøte.

Vurderingsformer

Intern praksisrettleiar vurderer om praksis er bestått utifrå ei heilskapleg vurdering av studenten gjennom praksisperioden. Vurderinga skal gjerast tilgjengeleg for studenten før praksisperioden er over.

Karakterskala

Bestått / Ikkje bestått

Vurderingssemester

Vår

Litteraturliste

Emnet har ikkje litteraturliste.

Emneevaluering

Evaluering blir gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem.

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet.

Administrativt ansvarleg

Fakultet for kunst, musikk og design

Institutt

Griegakademiet – Institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

Kontaktinformasjon

studieveileder@kmd.uib.no

Tlf; 55 58 69 50



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

Saksvedlegg

PROGRAMSTYRET FOR FEMÅRIG INTEGRERT MASTERGRAD I MUSIKKTERAPI

Sak nr.: 5/24

ePhorte saksnummer: 2022/3091

Sakstype: Vedtak

Møte: 5/22 – 06.05.2022

MUTP 5/24 Oppretting av nye praksisemner

Bakgrunn


Den femårige programevalueringa for Femårig integrert mastergrad i musikkterapi, som låg til grunn for reakkrediteringa av programmet våren 2023, avdekkar behov for revidering av studieprogrammet. På bakgrunn av dette er det sett i gang ein revisjonsprosess, leia av ei arbeidsgruppe bestående av programstyreliear, programkoordinator og studiekonsulent. I denne prosessen har det òg vore gjennomført to heildagsseminar med lærarkollegiet på musikkterapi.

I evalueringsrapporten vert praksislyfta fram som ein av bærebjelkane i musikkterapistudiet, og viktigheita av praksis vert lyfta fram av både fagmiljø, eksterne fagfeller og studentar.

Praksis i musikkterapi utgjer i dag fem perioder, som er plasserte som obligatoriske arbeidskrav i fire ulike emne, frå andre til femte trinn. I tillegg deltek fjerdeårsstudentane på tverrfagleg praksisgrupper gjennom TVEPS. Fyrste praksisperiode kjem i fjerde semester. Studentane ved musikkterapistudiet har ved fleire høve ynskja at praksis kjem tidlegare i studiet, noko evalueringsrapporten påpeiker.

Praksis er i dag eit omfattande område å administrere, med mange aktørar involverte, og framstår som eit fragmentert felt, der det er vanskeleg å sikre intensjonane om samanheng, variasjon og progresjon gjennom heile studiet. Modellen med praksis innbakt i "moderemne" fører òg med seg konsekvensar for progresjon og gjennomstrøyming. Dette gjeld særleg for emna som går over to semester, der forseinkinga potensielt blir to semester.

Ein alternativ modell er å skilje praksis ut som eigne emne. Dette er den modellen som er brukt for PPU ved KMD, og det er eit ynskje frå studieadministrasjonen å gå over til denne modellen for MAHF-INMUT òg.



Figur 1: Noverande praksismodell

Til saka


Arbeidsgruppa for programrevideringa har sett på moglegheita for å skilje utpraksis som uavhengige emne, i tråd med innspel frå studieadministrasjonen. Målet Programstyret ynskjer å skilje praksisperiodane ut som eigne emne, og endre emnestrukturen, med innføring av seks obligatoriske praksisemne, samt gjere TVEPS obligatorisk. Fem av emna har innhald og form som dei eksisterande praksisperioden, og følgjer same progresjon som no. I tillegg ynskjer programstyret å byggje ut praksisbesøka som no plar gjerast i MUTP100, og opprette ein eigen observasjonspraksis plassert på fyrste studieår. Denne vil ikkje medføre utgifter til honorar, då den ikkje er rettleia på praksisplassen.

Følgjande emne er foreslått oppretta:

- MUTPRA 101 / Musikkterapeutisk praksis 1 (ikkje studiepoenggjevande)
- MUTPRA 102 / Musikkterapeutisk praksis 2 (ikkje studiepoenggjevande)
- MUTPRA 201 / Musikkterapeutisk praksis 3 (ikkje studiepoenggjevande)
- MUTPRA 301 / Musikkterapeutisk praksis 4 (ikkje studiepoenggjevande)
- MUTPRA 302 / Musikkterapeutisk praksis 5 (ikkje studiepoenggjevande)
- MUTPRA 303 / Musikkterapeutisk praksis fordjuping (ikkje studiepoenggjevande)

Følgjande emne er foreslått revidert:

- MUTP205 / Innføring i musikkterapeutisk praksis
- MTUP202 / Samfunnsmusikkterapi
- MTUP305 / Musikkterapi i helsesektoren I
- MTUP306 / Musikkterapi i helsesektoren II



Figur 2 Forslag til ny praksismodell

I same omgang ynskjer programstyret å formalisere TVEPS-praksis som obligatorisk i studieplanen.

Arbeidsgruppa har sett på konsekvensar for eksisterande emne, i samråd med emneansvarlege for dei respektive emna. Då praksisemna ikkje vil vere studiepoenggjevande, og aktiviteten i desse emna føregår på ekstern praksisplass, vil det i utgangspunktet ikkje få store følgjer for dagens "moderemne". Desse emna vil behalde koplinga til praksis gjennom innhald og fokus, men læringsmål, obligatoriske undervisningsaktivitetar og vurderingsform vert lagt opp slik at det er mogleg å gjennomføre emne utan å fullføre praksis. Slik oppnår ein den ynskja fleksibiliteten, samstundes som ein held det faglege fokuset på praksisfeltet, og opplæringa i naudsynte kunnskapar og dugleikar som krevst for praksisgjennomføringa.

Forslag til vedtak

Programstyret vedtek å opprette seks eigne praksisemne i tråd med framlagt plan, samt å innføre TVEPS som obligatorisk emne. INMUT-arbeidsgruppe for studieprogramrevisjon får mandat til å ferdigstille arbeidet med emna utifrå framlagt plan og kommentarane som kom fram i møtet.

Vedlegg/lenker:

- Revisjonsdokument eksisterande emne
- Forslag til emneplan nye praksisemne
- Forslag til revidert studieplan MAHF-INMUT